



TRAFIKKTRYGGLEIKSPLAN

for

SELJORD KOMMUNE

2020-2024

Vedteken i kommunestyret sak 126/20 den 10.12.2020

Innhald

Innleiing	3
Kvifor ein kommunal trafikktryggleiksplan:	3
Gjennomføring av planarbeidet:	3
Virkemiddel:.....	3
Presentasjon av kommunen:	4
Ulykker:.....	4
Hovudmål:	5
Haldningsskapande arbeid.....	5
Trafikkopplæring.....	5
Konkrete tiltak:.....	6
Framlegg til nye tiltak	6
Organisatoriske tiltak:	6
Tiltak på vegnettet - generelt.....	6
Tiltak på riksvegar:.....	6
Tiltak på fylkesvegar:	6
Tiltak på kommunale vegar:.....	7
Seljord kommune – trafikksikker kommune	8

Innleining.

Kvifor ein kommunal trafikktryggleiksplan:

Stortinget har vedteke ein interpellasjon der *Stortinget bed regjeringa stimulere fleire kommunar til å utarbeida handlingsplanar for trafikktryggleik, mellom anna ved å setja krav om slike planar for å få tildela midlar til Aksjon skuleveg, seinare kalla Trafikktryggleiksmidlar.*

Det sentrale målet er å auke innsatsen til kommunen i trafikktryggleiksarbeidet. Kommunar som har ein slik plan går føre kommunar som ikkje har plan når det gjeld å få tildela midlar til trafikktryggleikstiltak.

Seljord kommune utarbeidde fyrste trafikktryggleiksplanen i 1996, med seinare revidering. Denne har vore bruka ved gjennomføring av tiltak i kommunen. Denne planen er såleis ei revidering/vidareføring av tidlegare planar.

Planen skal vera eit styringsverktøy for prioritering av tiltak dei neste 4 åra. Kommunen har sett av midlar i økonomiplanperioden for gjennomføring av trafikktryggleikstiltak. Trafikktryggleiksplanen og økonomiplanen dannar grunnlaget for søknad om tilskot frå Telemark Fylkeskommune (Aksjon skuleveg-midlar).

Gjennomføring av planarbeidet:

Trafikktryggleiksplanen bygger i hovudsak på :

- Tidlegare plan.
- Innspel frå skular og barnehagar.
- Innspel frå innbyggjarane enkeltvis eller frå velforeiningar.
- Innspel frå medlemene i Samfunnsutvalet.

Planen er utarbeidd av administrasjonen og skal handsamast av Samfunnsutvalet og endeleg godkjennast av kommunestyret. I høyringsfasa skal planen sendast på høyring til alle skulane og barnehagane i kommunen, Politiet, samt annonserast i avisene og på heimesida til kommunen.

Virkemiddel:

Trafikktryggleiksplanen skal vera eit virkemiddel som skal gje kommunen moglegheit til å ha ei aktiv rolle i trafikktryggleiksarbeidet. Dette kan skje ved m.a å koma med forslag til tiltak og påvirke prioriteringar som blir gjort på fylkes- og nasjonalt nivå, samt å rette søkeljoset på eige trafikktryggleiksarbeid.

Eksempelvis:

- Tiltak på kommunale vegar.
- Tiltak på fylkes- og riksvegar.
- Arealplanlegging.
- Sette krav til rekkjefylgjekrav i nye planer.
- Trafikkopplæring i barnehagar og skular.
- Overvaking og kontrollar.

Presentasjon av kommunen:

Seljord kommune er på 711 km², og har i underkant av 3000 innbyggjarar. Det er barne- og ungdomsskular og barnehagar i Seljord, og barneskular og barnehagar i Flatdal og Åmotdal. Skulane/barnehagane i Seljord har tilkomst via kommunale vinar og delvis riks- og fylkesvegar, i Flatdal er tilkomsten riksveg og kommunal veg, og i Åmotdal via fylkesveg og kommunale vinar.

Hovudvegane i kommunen er stamvegane E 134 og Rv. 36. Desse har til tider stor trafikk, og med stort innslag av tunge køyretøy. Spesielt strekningane Rv 36 Bjørgesida og Rv 36 Vefall/Brekke er det dårlege forhold for dei mjuke trafikantane, med mykje trailerar, smal veg og manglande fortau / gangveg.

Det offentlege vegnettet er fordela slik:

VEG	Strekning	Lengde km.
E 134	Hjartdal grense – Kviteseid grense	18
Rv 36	Midt Telemark grense – Seljord sentrum	15
Fv. 3328	Garvikstrondi	12
Fv. 3326	Garvik - Kilen	8
Fv. 3422	Nutheim - Ståland	15
Fv. 3424	Mandal - Langlim	11
Fv. 3420	Århus - Gvammen	21
Komm.vegar:		
Brøløsv.-Nordbygdiv.	Vallar bru – Nordbygda	5
Gullnesvegen	Seljord sentrum – Kivledalen	5
Brekkegrensvegen	Rv. 36 – Brekkegrensa	2
Seljordsheia	Gåsdalen – Kviteseid grense	6
Svartdalsvegen	Fv 3420 – Nørsteteig	5
Sudbøvegen	Åmot – Sudbø	9
Byggefelt – andre vinar		22

Lengda på gang- sykkelvegar/fortau i kommunen er 10,5 km, av dette ligg 2,7 km langs riksvegar og blir drifta av Statens vegvesen. Resten, på 7,8 km, ligg langs kommunale og fylkeskommunale vinar, og blir drifta av kommunen.

Lengda på dei kommunale vane er 52 km. Kommunen har ansvaret for om lag 590 gateljos, av desse er 76 langs fylkesvegar.

I kommuneplanens arealdel er alle off. vinar klassifisera med haldningsklasse A, B, C eller D m.o.t. avkjørsler, der riksvegane har dei strengaste klassene, A eller B.

Ulykker:

I Seljord har det i perioden 2006-2019 vore 107 ulykker, som fordeler seg slik:..

Veg	Dødsulykker	Alvorleg skade	Lettare skade
E 134 og Rv. 36	8	16	54
Fylkesvegar	0	3	16
Komm.vegar	0	1	9

Talla i kolonna over er innhenta frå OPS, og er ulykker som er meldt inn til 112. Det kan førekomme avvik i tallmateriale frå andre statistikkar.

Når ein ser det relativt høge talet på ulykker er det viktig at alle instansar som har ansvar for veg har fokus på ulykkesførebyggande arbeid. Det vere seg nasjonale, regionale eller kommunale myndighetar.

Hovudmål:

Seljord kommunes mål for trafikktryggleik er følgjande:

Seljord skal vera eit lokalsamfunn der ingen blir drept eller alvorleg skada i trafikken.

For skuleborn har ein følgjande hovudmål:

- ***Alle born skal ha ein sikker skuleveg.***
- ***Gjera skulevegane trygge slik at mange skuleelevar kan gå eller sykle til skulen.***
- ***Alle born skal få trafikkopplæring i samsvar med skulens/barnehagens eigne planar for trafikkopplæring.***

Haldningsskapande arbeid.

Trafikkopplæring.

Grunnleggjande haldningar til trafikktryggleik blir lagt allereie i barneåra. Det er difor viktig å byrje med påverknad/opplæring i tidleg alder. Foreldre og føresette har eit hovudansvar for å oppdra borna sine, og det er viktig at vaksne er gode rollemodellar i trafikken. I tillegg er barnehage/skule viktige arenaer for opplæring, og L-97 gjev moglegheit for å integrere trafikkopplæring i skulen.

I læreplanen for grunnskulen er følgjande kunnskapsmål tatt inn:

- ***Etter 4. trinn i Kroppsøving: Elevane skal kunna fylge trafikkreglar for fotgengrarar og syklistar.***
- ***Etter 7. trinn i Kroppsøving: Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel.***
- ***Etter 10. trinn i Naturfag: Elevane skal kunne gjera greie for korleis trafikktryggleiksutstyr hindrar og minskar skader ved uhell og ulykker.***

Andre aktørar som er viktige i dette arbeidet er m.a. helsetenesta, Statens Vegvesen, Trygg Trafikk og Politiet.

Konkrete tiltak:

I gjeldande planar fra 2008 til 2019 var det lista opp 15 tiltak for betring av trafikktryggleiken, 6 av desse er utført. I tillegg er det utført tiltak som har kome til undervegs, m.a.:

- Fortau m/ gateljos langs Jakob Naadlandsveg.
- Vegljos Skipperbakken
- Vegljos langs Fv-H 156, Mosasida.
- G/s- veg m/gateljos i Åmotsdal.
- Rassikring Brekkegrendvegen
- Fortau Vekanvegen.
- Vegljos Åslandsvegen.
- Gangfelt Seljord b.skule
- Rassikring Gamle Gullnesveg
- Rassikring Sudbøvegen
- Autovern nedre del av Gamle Gullnesveg
- Forlengda gateljos i Tømmeråsvegen, (øvre del)

Framlegg til nye tiltak

Organisatoriske tiltak:

Administrativt er trafikktryggleiksarbeidet underlagt rådmannen og politisk er arbeidet lagt til samfunnsutvalet

Tiltak på vegnettet - generelt:

Generelt kan fysiske tiltak på vegnettet vera:

- Bygging av gangvegar.
- Oppsetting av vegljos.
- Oppsetting av rekksverk.
- Redusera fartsgrenser.
- Bygging av fartsdemparar.
- Rydding av siktlinjer.
- Oppmerking av gangfelt.
- Fjerning av sand og grus for å unngå sykkelykkenner.
- Bygging av busslommer.
- Godt dekke.

Tiltak på riksvegar:

- Bygging av gang- sykkelweg langs Rv 36 på Bjørge, lengde ca. 200 m.
- Bygging av trafikkløysing for gåande langs Rv 36 på Bjørge, med kryssing av E 134 inklusiv kryssing av Vallaråi og tilkopling til kommunal turveg på Eventyrøy.
- G/s-veg Lakshøl – Århus. (kjem evt ved bygging av ny veg ved Satajuvet)

Tiltak på fylkesvegar:

- G/s-veg langs Fv. 3328, Mosasida. (Viktig for nytt bustadområde)
- G/s-veg langs Åmotsdalsvegen, Fv-veg 3422, fra kyrkja til Vihuusbrua. Lengde 320 m, kostnad kr. 1,5 mill.
- Vegljos langs Åmotsdalsvegen, Fv-veg H-3422, Åmot - Haugan, lengde 1500 m, 37 pkt.. Kostnad kr 450 000,-.
- Vegljos langs Fv 3420, v/ Nutheim, lengde 300 m.
- G/s-veg Svardal – Flatdal.(Opplevingsvegen)
- Ljos ved busshaldeplassen i Håkkedalen.
- Bygging av gang-sykkelveg langs Fv 3420, Håkkedalen – Tverråi, lengde ca 1300 m. (kan sjåast opp i mot nye tiltak på opplevingsvegen)
- Bygging av gang-sykkelveg langs Fv 3420, Flatdal skule – Nutheim, lengde ca 1100 m. (kan sjåast opp i mot nye tiltak på opplevingsvegen)

Tiltak på kommunale vegar:

- Vegljos langs Kapteinsgata, lengde 160 m, 5 pkt. Kostnad ca. kr 50 000,-.
- Vegljos i Flatdalsbyen, kyrkja –Storteig, l= 650m, 17 pkt. Kostnad ca. kr 170 000,-.
- G/s-veg i Nordbygdi. lengde ca 1200 m. Kostnad ca. 10 mill.
- Vegljos i Langlim, mot leikeplass, lengde 240 m. 7 pkt. Kostnad ca. kr 70 000,-.
- Fortau langs Tømmeråsvegen
- Fotgjengarovergang Brøløsvegen for gåande skulen-Granvin.
- Fartsbegrensning forbi Heddeli barnehage.
- Fotgjengarfelt over Fv 3420 ved Flatdal skule.
- Bytte vegljos ved fotgjengarfelt Ingrid Slettens veg.
- Betre ljos langs Brøløsvegen.
- Nye vegljos i Sundbøhaugen.
- Utføre vegetasjonsrydding med formål om siktutbetringing i kryss.
- Vurdere fartsbegrensninger og fartsdumpar andre stadar enn nemnt ovanfor.

Seljord kommune – trafikksikker kommune

Seljord kommunestyre vedtok i juni 2020 at Seljord kommune skulle søkje om og bli trafikksikker kommune.

Dette arbeidet er no i sluttfasen, og kommunen vil verta godkjent som trafikksikker kommune i oktober 2020.

Sjølv om Seljord kommune vert godkjent som trafikksikker kommune, så vil ikkje arbeidet med trafikksikkerhet stoppe opp.